

Toyota – Cup 2010



Informasjon til skyttarar og arrangørar

Til skyttarane

Sponsor for Toyota Cup 2010 er Toyota. Følgjande firma er sponsorar: Toyota Nordfjord AS, Toyota Sunnmøre AS og G Eilertsen AS. Cupen er sjølvfinansierande og skyttarane slepp ekstra påmeldingsavgift for å delta.

Som kvalifisering til finalen i 2010 vil dei 10 beste stemna telje for kvar skyttar, av desse kan der vere inntil 3 feltstemner. Alle opne bane og feltstemner på Søre Sunnmøre og i Nordfjord kan telje som kvalifisering til finalen. I tillegg tel Sunnylvn sitt banestemne (avslutningshelga saman med Markane).

Til arrangørane

Som nemnt ovanfor er Cupen sponsa Toyota. Det er svært viktig at alle no gjer sitt beste for å profilere sponsor. For å auke opplutnaden om feltskyting kan inntil 3 opne feltstemne på Søre Sunnmøre og Nordfjord vere teljande som kvalifisering til finalen. For arrangørane betyr dette at dei må nytte banner frå Toyota også på feltstemna. Det må presiserast at dette er arrangøren sitt ansvar.

Innbyding

Skal skrivast på Toyota Cup brevark som de vil finne her på skyting.net

Stemmedagen

På stemnet skal Toyota banner vere opphengde på godt synleg stad. Om sponsor ynskjer det skal arrangør stille plass til disposisjon for utstillingsbilar. Arrangørane må hjelpe til med at bannera kjem fram til neste arrangør og ikkje blir liggande gøymde og gløymde på skyttarhuset.

Resultatlistar

Resultatlistene skal ha framside med logo av begge sponsorane. *Mal for framside finn de her på skyting.net.*

Resultatlistene med dei **10 beste i kvar klasse** skal sendast utan opphald til resultatførar for cupen (IT-utval Nordfjord Skyttarsamlag) nordfjord-it@samlag.no og til skyting@skyting.net. Her vil det til kvar tid finnast oppdaterte lister for cupen.

Resultata skal også sende til følgjande aviser:

redaksjon@fjordingen.no; redaksjon@fjordabladet.no; fjordenes.tidende@fjt.no; redaksjon@firdatidend.no; redaksjon@firda.no; froysaknut@yahoo.no; red@avismore.no; redaksjonen@synste.no; redaksjon@vikebladet.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; redaksjonen@sykkylvsbladet.no; sunnmoringen@sunnmoringen.no; post@haramsnytt.no; redaksjon@sulaposten.no; redaksjon@vestnesavisa.no

Lykke til!

Nordfjord Skyttarsamlag

Søre Sunnmøre Skyttarsamlag

Toyota Nordfjord AS

Toyota Sunnmøre AS

G. Eilertsen AS